



## MEDLEMSBREV NR. 3 – 2014

Kjære medlem,  
<http://www.olavslettoselskapet.no/> er alltid oppdatert, men det er ikkje alle medlemmene i selskapet som har denne tilgangen, så difor tek me ein kort gjennomgang her.

### Aktivitetar

**Marknad på Holsdagen 2. august**  
Holsdagen hadde i år marknad for fyrste gong og OSS-styremedlem Grethe L Rudningen var der med Per Gjetar-bøkene og OSS-info.

### Erling Rimehaug med spennande kåseri i Geilo kulturkyrkje 11. september

Temaet var «Naturtru og gudstru – parallelle truer i norsk trushistorie». Rimehaug ga si personlege oppfatning av temaet basert på «Soga um Røgnaldfolket» av Olav Sletto. Det var 36 frammøtte. Olav Sletto-selskapet tok initiativ til møtet, som var eit sam-arrangement med Geilo kulturkyrkje og Ål kyrkje-akademi. Rimehaugs foredrag sto i Hallingdølen 18. oktober, og blir publisert i OSS-årsheftet 2015.

### Dølaminne 2014 lansert på Nes 16. november - to kvinnehistorier fra Hol

OSS-styremedlem Maria Søndrål (bildet) fortalte om dei to bidraga frå Hol: Rettsaka mot den gravide oldemor si, Åse Nestegard, i 1859, og Eva Almhjells artikkel om Anne Jensdotter Sletto. Dette er kvinnehistorie som aukar breidda i både den lokale og nasjonale historia. Redaktør Kjell Snerte uttalte til Hallingdølen etter lanseringa at kvinnehistorie er underkommunisert og kanskje kan me vente fleire sterke historier i framtidige Dølaminne.



Foto: Jan Robert Wick

“Per Gjetar” blei lansert på Perstølen Libris 26. oktober i fjor og er kjøpt inn av Hol og Ål kommuner, der boka inngår i Den kulturelle skulesekken m.v. Jula står for døra, og boka bør ligge under alle juletre i hus og hytter i heile Hallingdal. Boka fins i bokhandlane i Hallingdal, og kan kjøpast direkte frå Boksmia forlag [www.boksmia.no](http://www.boksmia.no). Per Gjetar ISBN 978-82-91871-32-5

### Planar framover

#### Ny informasjonstavle om Olav Sletto og Olav Sletto-selskapet

kjem i løpet av 2015 opp i Slettosvingen opp mot Holsåsen.

#### Foredrag om Anne J Sletto vinter/vår 2015

5. februar kl. 11 på Vika velferdssenter i Hol.  
16. april kl. 1900 - Digitalt slektsforum i Stokke/Vestfold. Eva Almhjell fortel om arbeidet med boka «Utanfor ekteskap» og hovudpersonen i denne, Anne Jensdotter Sletto, gift Anna Olsen..

#### Laurdag 7. februar 2015 lanserer vi boka “UTANFOR EKTESKAP”

på Holms hotell på Geilo. Holms var Annes arbeidsplass i meir enn 30 år. Her held sonen, Olav, sitt sterke foredrag for 100 år sidan, og her førde han mor si «til sætes» på fyrste benken i ein fullsett festsal. Set av dagen. Meir info kjem.

**Boka vil bli seld til gunstig pris til dei som kjem, og ho kan tingast på førehand.**

**Lanseringspris kr. 250, og same ved førehandstinging (utsalspris ca. kr. 300). Beløpet ber vi dykk innbetala på kontonr. 2333 22 62998.**

**Skriv «Anne-bok» og namnet ditt i merknadsfeltet.**

#### Årsmøtet 2015 på Vika velferdssenter fredag 10. april kl. 1900

Etter årsmøtet kåserer Arne Skogheim, tidlegare mangeårig leiar i Olav Sletto-selskapet, om Olver-bøkene, Olav Slettos sjølvbiografi i fem band. Set av kvelden. Meir infor kjem.

#### Medlemskontingenent 2015 - 200 kr.

Enkel innbetaling til kontonr. 2333 22 62998 – helst innan 1. februar 2015.. Minner om namn og e-adressa i meldingsfeltet. Tusen takk!

Medlemsinformasjon og nyhende blir publisert etter kvart på [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no)

#### SLETTOMATERIALET I BYGDEARKIVET

Katalogen over Sletto-materialet i Hol Bygdearkiv finn du på [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no)

**Velkommen til arrangementa våren 2015!**